

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLODato: 14.12.2017
Vår ref.: 2017/130-23
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 17/2835

Tilskot til utviklingsarbeid i Hordaland fylkeskommune haust 2017 og vår 2018

Vi viser til brev av 22. juni 2017 om tilskot til utviklingsarbeid i fylkeskommunane.

Hordaland Fylkeskommune søkjar om å få utbetalt tilskot på kr 75 000,- for hausten 2017 og våren 2018.

Midlane har vore nytta til å dekke opp delar av følgjande utviklingstiltak:

Dialogkonferansen vart arrangert i Bergen kommune 5. - 7. september 2017. Målet var fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane var primær målgruppe. Aktivitets- og anleggsutvikling var ein raud tråd i programmet, i tillegg til synfaring av ulike anlegg hadde ein sentral plass i programmet. Den 6. september hadde vi opplæring i «anleggsregisteret» med 65 deltakarar, 25 fleire enn på resten av konferansen. **Totalkostnad kr 89 000,-.**

Fylkeskonferansen for kultur og idrett vart arrangert 16. november 2017 i Bergen.

Målgruppa for konferansen var fylkes- og kommunepolitikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane og leiarar i idretts- og friluftsansjasjonar på alle nivå. Lokale- og anlæggsfonden v/direktør Esben Danielsen var ein av aktørane som bidrog med eit særst godt innlegg om anleggsutvikling innan idrett og kultur. **Kostnad kr 30 000,-** Desse utgiftene er ein del av eit større rekneskap for heile kultur og idrettsavdelinga.

Hordaland fylkeskommune har dokumenterte kostnadar knytta til kompetansehevande utviklingstiltak hausten 2017 på **kr 119 000,-**, og ber om at kr 75 000,- vert overført til konto 5201.06.74239 merka 400.420.06.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

